

Månadsbrev september 2026



August og nytt skuleår gjekk fort, så derfor kjem ikkje det første månadsbrevet før nå, men me ynskte seks (6) nye elevar velkomne 13. august. Jarõna har vore på skulen og undervist 5.-7. trinn i måling og 8.-10. trinn i kolstift, og etterpå blei me så inspirerte at det enda i utstilling av saueteikningar i hovudgangen. 1.- 7. klasse har hatt foreldremøte, og me har kjøpt inn eit nytt læreverk, som det ser ut som elevane likar og lærer av. Ungdomsskulen var ansvarlege for morgonsamling 4. september. Der fokuserte dei på slekt og samfunn, som i år er ein del av Nasjonaljubileet 2030, og identitet.

Ved kong Harald 5. sin bortgang fira me flaget på halv stong og hadde eitt minutts stille, og ved gravferda på onsdag vil det bli eitt minutts stille, gravferda vil bli vist for dei som ynskjer det og me vil heisa flaget etter gravferda.

7.-11. september er 7. klasse på Haraldvigen leirskule saman med Tonstad skule og Labakken skole på Nøtterøy. God tur! Mellomtrinnet skal vera med på "Kong(l)e for ein dag" i veke 39 med tema fuglar, og dei er med på Bokslukarprisen og Norli sin lesekonkurranse. Lesing er viktig og gøy!



16. september er det foreldremøte i 8.-10. klasse, og det blir kartleggingsprøvar i 2. og 3. klasse og nasjonale prøver for 5., 8. og 9. klasse framover. 2. oktober blir det morgonsamling v/7. klasse med fokus på TV-aksjonen, og seks område i akutt krise. Me har ikkje så mange elevar i 8. og 9. klasse i år, men like mange roder som tidlegare, så er det nokon som kan stilla som bøsseberar og/eller sjåfør, ta kontakt med Siv Kirsten Dugan Eftestøl i kommunen. På førehand tusen takk!

Skuleåret har byrja godt for elevane, men me har fått nokre sjukemeldingar, og det er spesielt synleg på SFO der både Dorota og Helene er borte. Heldigvis har Serine Kvalvågnes tatt mange av timane der, og så blir det ulike vikarar på onsdagen. Dermed er det svært viktig at me får beskjed i god tid om det blir endring i når ungane er til stades, for det gjer det meir føreseieleg for alle partar.

Sinnes 06.09.26, Åse-Berit Fidjeland

